

Oversikt over tilsynssaker i Helse Vest

Helsetilsynet: Oversikt over status i tilsynssaker i perioden som er gjennomførte eller ikkje er avslutta

Systemrevisjonar

Namn på helseføretak	Område for tilsynet	Dato for tilsynsrapport	Har rapporten dokumentert avvik?	Frist for lukking av avvik	Status i saka	Sak avslutta dato	Eventuelle kommentarar
Helse Vest RHF	Brevtilsyn med rett til nødvendig helsehjelp innan BUP	Brev av 30.08.11	Det ligg ikkje føre rapport.		Helse Vest og Helsetilsynet har kommunisert i saka i brevs form. Helsetilsynet meiner at tenestetilbodet innan BUP i Helse Vest er sårbar, og ber om å få rapport om status i i BUP i kvart helseføretak per 1. mars 2012. Dei ber samstundes om å få Helse Vest RHF si vurdering av tenestetilbodet, ev. behov for ytterligare tiltak, for å oppfylle sørge-for ansvaret.		
Helse Førde HF	Tilhøva ved Ungdomsavdeling for psykisk helsevern (UPH) i Helse Førde		Ja, drifta ved UPH støttar ikkje kravet til forsvarleg verksemd som følgjer av spesialisthelsetenestelova § 2-2,		Saka starta i 2009 ved at ein overlege kontakta HT med bekymring om at drifta ved UPH ikkje var forsvarleg. HT konkluderte med at drifta ikkje var forsvarleg etter spesht.lova § 2-2. Saka vart løfta til RHF-et som etter § 2-1 a i same lov har plikt til å sørge for helsetenester til befolkninga i regionen. Det har vore både møter og dialog i brevs form mellom HT og HF/RHF i saka for å sikre forsvarleg drift. Det er no sett i verk eit utviklingsprosjekt for å sikre rett bruka av ressursane, personal og økonomi innan BUP.		Helsetilsynet ber om å bli orienterte om resultatet av utviklingsprosjektet innan 1. september 2012.
Helse Førde HF	Korridorpasientar i psykiatrisk klinikk		Ja, for stor bruk av korridorpasientar		Helse Førde rapporterer til HT kvar 3. måned		Saka vart oppretta i februar 2011. Det har ikkje vore tilsyn på staden, men brevkorrespondanse i saka.
Helse Førde HF	Prioriteringsrutinar i Helse Førde. Enkeltsak som vart meldt til HT, omgjort til systemsak.		Ja, feilprioriteringar førekjem.		Helse Førde har dialog i brevs form med Helsetilsynet i saka.	16.01.2012	

Namn på helseføretak	Område for tilsynet	Dato for tilsynsrapport	Har rapporten dokumentert avvik?	Frist for lukking av avvik	Status i saka	Sak avslutta dato	Eventuelle kommentarar
Helse Førde HF	Prioritering av tilvisingar ved ortopedisk avdeling	Oppretta 17.10.11	Helse Førde har sjølv meldt avvik.		Saka er under behandling og ein har dialog med HT i brev form		
Helse Førde HF	AMK-beredskap	Oppretta 04.10.11	HT stiller spørsmål om drift av ambulansestasjon.		Helse Førde har svara HT i brev av 04.10.11		
Helse Førde HF	Ambulansestasjon Sogndal, garasje til ambulanse	Oppretta i januar 2010	Ingen avvik, men manglande garasje nært stasjonen gir ikkje optimale tilhøve for pasientar og teknisk utstyr.			18.01.2012	
Helse Stavanger HF	Tilsyn ved blodbankverksemda	24.11.2011	Ja, Helse Stavanger sikrar ikkje at blod og blodkomponentar blir korrekt merka og det blir ikkje sikra at pasientane sine identitetar alltid blir kontrollert ved prøvetaking av pretransfusjonsprøver	Evalueringsfrist for tiltak 01.02.2012			Handlingsplan for lukking av avvik sendt Statens Helsetilsyn 19.12.2011.
Helse Fonna HF	klinikk for psykisk helsevern, barne og ungdomspsykiatrien BUP Stord	25.03.11	I brev frå helsetilsynet 25.03.11 ber tilsynet om ein konkret og tidfesta plan for kva som blir gjort for å sikre at tenestene i barne og ungdomspsykiatrien er forsvarlege og at barn og unge får behandling innan dei individuelt fastsette fristane	Rapportar frå verksemda viser at ventetid og fristbrudd i barne og ungdomspsykiatrien går opp. Det går fram av rapporteringa at situasjonen ved BUP Stord og Kvinnherad er forverra og blir påverka av at barnepsykiater ikkje byrja som planlagt	Svar frå Helse Fonna 19.04.11 og 4.5.11 med tiltak, kortsiktige og langsiktige. HT ber i brev av 11.5.11 om ytterlegare svar på kommentarar. Sidan dette er ei sårbar gruppe forventar HT at saka blir prioritert. Det har etter dette vore diverse korrespondanse mellom Helse Fonna og helsetilsynet i forhold til innhaldet i den tidfesta planen. Planen er godkjent av helsetilsynet, som ber om opplysingar om kva som blir gjort for å sikre vidare forsvarleg drift innan 15.01.2012. Brev sendt til HT 9.1.12		Styret er fortløpande informert. Referat frå møte med eigar 29.06.11, blei forelagt styret i Helse Fonna i møte 31.08.11. Brev til HT av 20.10.11 blei forelagt styret i Helse Fonna 26.10.11
Helse Fonna HF	Kirurgisk klinikk, kirurgisk poliklinikk og dagkirurgi Haugesund sjukehus. Vurdering og prioritering av tilvisningar. Kontroll med ventetider. Behandlingstilbud innan fastsette fristar og tiltak for å unngå fristbrudd.	01.07.2011	2 Avvik 1) Det er ikkje godt nok avklart korleis ansvar, oppgaver og mynde for den faglege verksemda i kirurgisk poliklinikk og dagkirurgi, fagområde urologier fordelt. 2) Helse Fonna HF har ikkje sørgja for at urologisk poliklinikk Haugesund sjukehus har tilstrekkeleg spesialistkompetanse.	20.09.2011	Tilbakemeldt iversatte tiltak. Helsetilsynet avsluttar tilsynet dersom tilfredstillande resultatligg føre etter evaluering av tiltak januar 2012. 31.01.12 Resultat av evaluering sendt helsetilsynet.		

Namn på helseføretak	Område for tilsynet	Dato for tilsynsrapport	Har rapporten dokumentert avvik?	Frist for lukking av avvik	Status i saka	Sak avslutta dato	Eventuelle kommentarar
Helse Fonna HF	Tilsyn med behandling av skrøpelige eldre med hoftebrot ved Helse Fonna HF, Kirurgisk klinikk, ortopedisk seksjon, Haugesund Sjukehus	28.12.2011	Eit avvik: Helse Fonna HF, Kirurgisk klinikk Ortopedisk seksjon Haugesund sjukehus sikrar ikkje forsvarleg utgreiing og oppfølging av forvringstilstand og ernæringsstilstand hos skrøpelige pasientar 80 år og eldre med hoftebrot	10.02.2012	20.01.12 Tilbakemelding på iverksette tiltak sendt. Tiltak skal setjast i verk innan 1.3.12 og evaluerast 1.4.12.		
Helse Fonna, Karmøy DPS	Styring og kontroll med at pasientar med sjølvmondsrisiko får forsvarlege tenester	17.12.2011	Nei			12.01.2012	
Helse Bergen HF	Augeavdelinga, tilsyn av håndtering av hornhinner mv 14.10.10	28.02.2011	Ja, avdelinga har i for liten grad utarbeida skriftlige prosedyrar for aktivitetane i forbindelse med innførsel av hornhinner, slik forskrifta krev.				Avvika er retta opp. HT ønskjer tilbakemelding på dette innan 1. desember 2011.
Helse Bergen HF	Behandling av pasientar med hjernelsag over 80 år på Voss Sjukehus	16.06.2011	Ja; Rutinar for enkelte sentrale arbeidsoppgåver på sengepost er ikkje tilstrekkeleg klare og kjende. Enkelte andre rutinar er kjende, men blir ikkje alltid følgde.	1.2.2012.	Statusrapport oversendt Helsetilsynet 31.01.2012. Personalsituasjonen betra. Ombyggingsarbeid fullført. Gjennomført opplæring. Det er nedsatt ei arbeidsgruppe som skal planlegge ny slageining.	09.01.2012	
Helse Bergen HF	Tilsyn med kvalitet og sikkerhet ved håndtering av humane celler og vev beregnet for assistert befruktning ved Helse Bergen HF, Haukeland Universitetssykehus, Kvinneklinikken, Seksjon for assistert befruktning 6.-30. september 2011	10.10.2011	Ja: Verksemda har prosedyrar og dokumentasjon for enkeltledd i prosessen, men det føreligg ikkje dokumentasjon som viser at det er føretatt ei samla sluttvurdering av at alle relevante krav i forskrifta er oppfylt før frigiving av embryo. I tillegg har ikkje Helse Bergen HF etablert eit system for å følgje opp om tiltak for å oppfylle krav i forskrift er tilstrekkelige og fungerer hensiktsmessig.	05.12.2011	Plan for lukking av avvik blei oversendt til HT innen 15.12.11. Skjema og prosedyrar for samlasluttvurdering er utarbeida og tatt i bruk. Det er laget rutinar for regelmessige, strukturerte møter med klinikkleiinga.	03.01.2012	
Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesjukehus	Tilsyn med prioritering av søknadar og oppfølging av pasientar etter igangsatt behandling i august 2011	29.09.11 (utkast til rapport)	Eit avvik: HSR sikrar ikkje at alle revmatologiske pasientar ved HRS får forsvarleg kontroll og oppfølging ved poliklinikken.				HSR meiner avvika skuldast mangel på legestillingar, og er i dialog med Helse Vest RHF om denne problemstillinga.